



**Nynorskprisen for journalistar**

**Årsrapport 2008**

Prisvinnar Odd Reidar Solem :

## - Kjekt å få denne prisen

Den røynde mediemannen og nyhendeanker i TV 2, Odd Reidar Solem, fekk Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2008. Juryen la særleg vekt på at han er oppteken av språket vårt, uavhengig av målform, og at han kombinerer normert nynorsk med si eiga romsdalsdialekt på ein naturleg måte.

*- Det var kjekt å få denne prisen. Når ein har brukt nynorsk som aktivt verktøy i 35 år, må eg seie at dette gjorde godt, sa Solem då han fekk vite at han fekk prisen. Han tykkjer det er for lite språkrøkt i norske redaksjonar. - Vi er meir opptekne av data og teknikk enn språkkjensle. Sjølv filar eg framleis på språket mitt. Men eg er ofte misnøgd med meg sjølv, fordi direktesende omsettingar frå bokmål ikkje vert gode nok, sa Solem.*



Jurymedlem Olaug Nilssen overrekte Odd Reidar Solem prisen i Ørsta 26.juni. Foto Audun Heskestad.

## - Kry av nynorsken !

Det var jurymedlem Olaug Nilssen som overrekte prisen under Dei Nynorske Festspela i juni :

*– Prisvinnaren har i mange år skilt seg ut med å bruke ein levande nynorsk som journalist i avis, radio og fjernsyn. Han er ei kjend røyst frå både NRK og TV 2, som meldingslesar, programleiar, vaksjef og reporter, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Når han helsar sjåarane velkomen til nyhendesendingane i TV 2 seier han ; "Retteleg god kveld". Slik markerer han kva som er målforma hans, og han er kry av nynorsken !*

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar er på 50.000 kroner og eit kunstverk. I år var det eit trykk av kunstnaren Ørnulf Opdahl, med tittelen "Oppklaring".



- Eg vart positivt overraska over den språklege takhøgda i TV 2 då eg byrja her for 16 år sidan, har aldri opplevd at nokon i redaksjonen har "kikka" på nynorsken. Litt spitord høyrer ein stundom, men det var nok meir av det i gamle dagar. Eg har forresten aldri fått negative tilbakemeldingar frå sjåarane heller.

Han meiner bestemt at dialekt ikkje høyrer heime i nyhenda og trur det heng saman med at han vart oppdregen i NRK på 1970-talet. Innhaldet og budskapet må gå føre alt, meiner Solem, som trur haldninga til språk har endra seg blant journalistar :

- Eg trur språk hadde høgare status før, medvitet om kva som var godt eller gale var sterkare. Det er mogleg eg er gamaldags, men eg tykkjer det er for mykje klisjear og ordgyteri i dag. Eg er oppteken av at nyhendejournalistar

må spare på orda, vere presise, og ta kampen opp mot klisjeane, seier Odd Reidar Solem.

## Arbeidet i juryen

Det kom inn 31 framlegg på 27 namn som kandidatar til Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar. Han vart kunngjort i ei rekkje riks- og regiondekkande aviser, og på nettsidene til både NRK, Kulturdepartementet og Nynorsk mediesenter. Fristen for å kome med framlegg var 1. mai og juryen hadde møte 15. mai.



Juryen samla 15.mai , frå venstre forfattar Olaug Nilsen, sjefredaktør Tom Hetland i Stavanger Aftenblad og NRK-journalist Gry Molvær, som er leiar. Foto: Geirmund Henjum, Nynorsk mediesenter.

Juryen hadde ein lengre debatt om ulike kandidatar, men samla seg om nyhendeanker i TV 2, Odd Reidar Solem, som prisvinnar i 2008. Her er heile grunngevinga frå juryen :

- Retteleg god kveld. Slik brukar han å helse sjåarane velkome til nyhendesendinga han er anker for i TV2, og slik markerer han kva som er målforma hans. Prisvinnaren har i fleire tiår

skilt seg ut med å bruke ein levande nynorsk som journalist i radio, fjernsyn og avis. Han er ei kjend røyst frå både NRK og TV2, som meldingslesar, programleiar, vaktsef og reporter både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Etter tolv år i NRK, frå 1977-1989, reiste han heim til Molde, der han var redaktør for Romsdals Budstikke til 1993. Då byrja han i TV2 og vart ei av dei markerte nynorske røystene i den kommersielle fjernsynskanalen, der han no er nyhendeanker i nyskapinga TV2 Nyhetskanalen.

Odd Reidar Solem er svært oppteken av korleis vi brukar språket vårt, uavhengig av målform. I TV2 minner han støtt og stadig om kor viktig det er med eit presist og aktivt språk i media, og han er sjølv eit godt føredøme. Han sjonglerar med ord, uttrykk og språklege vendingar. Han gjev råd, tips og rettleiing til yngre medarbeidarar, men er like glad når han får innspel på sine eigne språklege val. Han kombinerer normert nynorsk og si eiga romsdalsdialekt på ein naturleg måte, og han er kry av nynorsken !

## - Kan vi sminke oss på nynorsk ?



Frå venstre: Journalist Ingvild Kjøde i KK, redaktør Hanne Aardal i Det Nye og redaksjonssjef Mari Midtstigen i Elle. Foto: Geirmund Henjum, Nynorsk mediesenter.

Dette var emnet for debatten i samband med prisutdelinga i Ørsta 26. juni. Juryen ynskte å sette søkjelyset på stoda for nynorsken i trend – og kvinneblada, som formår språksynet til mange unge. I panelet sat redaksjonssjef Mari Midtstigen i Elle, journalist Ingvild Kjøde i KK og redaktør Hanne Aardal i Det Nye. Kari Sørbø var debattleiar.

I 2006 kåra lesarane av Det Nye forfattaren Olaug Nilssen som "årets rollemodell", og med det utgangspunktet innleia Olaug Nilssen til debatten:

– Kvifor finst det så få trendy hårtips på nynorsk ? Kvifor får vi ikkje lese om den siste Lancome-leppestiften på nynorsk ? Eller kvifor vert sjølv nynorske kjendisar så godt som aldri siterte på sitt eige språk i dei lekke og glansa kvinneblada ?

## Positiv lesarstorm

- Vi har ingen policy verken for eller imot nynorsk, sa Det Nye-redaktør Hanne Aardal, i debatten. Journalist Ingvild Kjøde i KK og redaksjonssjef Mari Midstigen i Elle hadde berre fått vellæte frå lesarane, då blada deira opna for nynorsk i spaltene.

- Etter portrettet eg hadde med forfattar Jon Fosse på nynorsk, vart det reine lesarstormen. Rundt 40 tilbakemeldingar var eintydig positive, sa Ingvild Kjøde. Også i Elle får dei som ynskjer det, skriva på nynorsk. Redaksjonssjef Midstigen har ikkje noko mot at stoff om frisyre, sminke, motar og kjendisar kan koma på trykk i nynorsk språkdrakt. - Eg trur det er viktig å opne opp for at journalistane får skrive sitt eige språk. Viss vi i tillegg kan oppnå at nynorsklesarane våre kan føle at det er "kult" med nynorsk, er det kjempefint, sa Midstigen.

- Vi er verken for eller mot nynorsk. Vi får ikkje tilbod om stoff frå journalistar som nyttar nynorsk, og det er ingen i staben som brukar nynorsk, sa redaktør Hanne Aardal i Det Nye, som fleire gonger streka under at det er kvaliteten, ikkje målforma, som betyr noko. - Dessutan trykkjer vi lesarbrev på nynorsk, og siterer folk på nynorsk, om dei ynskjer det, sa Det Nye-redaktøren.

## Mykje merksemd kring debatten

Det vart meir merksemd kring debatten vår i år enn før om åra. Både vinnaren av Nynorskprisen for journalistar og emnet for debatten vart kunngjort etter at juryen hadde hatt møte.

Bergens Tidende hadde eit stort oppslag med Elle-redaktør Signy Fardal ei knapp veke før debatten i Ørsta, der ho fortalde om kor mykje positiv respons ho hadde fått etter at ho opna for bruk av nynorsk i bladet.

Bergens Tidende brukte også innleiinga til Olaug Nilssen i Ørsta som kronikk. Det førde til nye kronikkar og debatt i avisa om kor viktig eller uviktig det er å kjempe for nynorsk i kvinneblada, kvifor ikkje

heller i alle dei bokmålsprege blada LO gjev ut enn, osv. Her er linkar til nokre av kronikkane/innlegga:

Les kronikken til Olaug Nilssen her:

<http://www.bt.no/meninger/kronikk/article589963.ece>

Les kommentaren til Georg Arnestad:

<http://www.bt.no/meninger/kommentar/article600440.ece>

Les kommentaren til Jan H. Landro:

<http://www.bt.no/meninger/kommentar/article604318.ece>

## Kunst av Ørnulf Opdahl



I år var det eit trykk av kunstnaren Ørnulf Opdal som fylgde prisen. Det hadde tittelen "Oppklarning", eit kystmotiv der det lysnar uti hava, medan gråskodda heng i ei stund til langsmed land.

Ørnulf Opdal ( fødd 1944) er frå Godøy utanfor Ålesund, der han har atelieret sitt heilt nede i fjæresteinane. Han er ein allsidig kunstnar som gjennom dei siste 30 åra har utvikla og reindyrka ei naturlyrisk uttrykksform, der havet og lyset er viktige motiv. Skildringane hans av naturen på Vestlandet syner at han er nær knytt til denne landsdelen, og han formidlar sjølve livskjensla ved å bu ved havet.

Opdahl har utdanning frå Statens Kunstverks – og Kunstindustriskule og Statens Kunstakademi. Han var professor ved Statens Kunstakademi frå 1985-92. Han har hatt ei rekkje utstillingar i inn- og utland sidan 1964. Bileta hans heng i både offentlege og private kunstsamlingar.

Førde 4. desember 2008

Magni Øvrebotten